



Arkivnr: 2014/11841-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Øyvind Rune Bjørkås, Per Morten Ekerhovd

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		18.03.2014

Bevaringstenestene - etablering av nytt organ for brukarinteressene

Samandrag

Bevaringstenestene med Fellesmagasinet yt fellestenester til musea i Hordaland, herunder konserveringstenester. Bevaringstenestene er ei ordinær avdeling under Museumssenteret i Hordaland. Hordaland fylkeskommune er eigar av bygningane. For drift av bygningane løyvde Hordaland fylkeskommune 600 000 kroner i 2014. I det årlege driftstilskotet frå Hordaland fylkeskommune vert ikkje drift av fellestenestene spesifisert særskilt, men inngår som del av løyvinga til Museumssenteret i Hordaland.

I dag er musea sine interesser i høve Bevaringstenestene representert gjennom eit brukarutval nedsett av Hordaland museums lag. Årsmøte i Hordaland Museums lag i 2013 vedtok å legge ned Brukarutvalet for Bevaringstenestene på årsmøtet i 2014. Museums laget skal i mellomtida arbeide for å få på plass eit nytt organ med eit klårt mandat og ein rammeavtale frå Hordaland fylkeskommune og dei konsoliderte musea i Hordaland.

Målet med oppretting av eit nytt organ er å auke medverknaden til musea som brukarar og eigarar av fellestenesta. Utviklinga har vist at det er trong til eit formelt organ, som og tek vare på Museumssenteret i Hordaland sitt ressursbehov og ansvar i høve Bevaringstenestene.

Forslag til vedtak

1. Kultur- og ressursutvalet tar til etterretning at Hordaland museums lag har gjort vedtak om å legge ned det eksisterende Brukarutvalet for Bevaringstenestene på årsmøtet 2014.
2. Brukarutvalet vert erstatta med eit nytt utval drifta av Museumssenteret i Hordaland, og med ein representant frå kvar av dei ni konsoliderte musea og Hordaland fylkeskommune.
3. Mandat og retningsliner for det nye utvalet vert utarbeidd av Hordaland museums lag som representant for dei konsoliderte musea, i samarbeid med Museumssenteret i Hordaland og Hordaland fylkeskommune.
4. Kultur- og ressursutvalet sluttar seg til at det årlege driftstilskotet til drift av Bevaringstenestene vert spesifisert særskilt i budsjett og tildelingsbrev til Museumssenteret i Hordaland frå og med budsjettåret 2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 04.03.2014

Det gjeldande brukarutvalet består av tre medlemmer oppnemnd av Hordaland museumslag. I tillegg vert ein eller fleire av representantane frå Bevaringstenestene inviterte til å delta på møta. Det har eige mandat, og representerer samtlege av dei konsoliderte musea i Hordaland. Mandatet er å sjå til at Bevaringstenestene tener musea sine interesser og behov på beste måte både når det gjeld fellesmagasin og konservering. Brukarutvalet skal vere dialogpart for å utvikle denne i fagleg tenleg retning for musea. Både Bevaringstenestene og Brukarutvalet kan kalle inn til møte etter ønskje. Brukarutvalet skal vere dialogpart for dei konsoliderte musea i Hordaland, slik at alle har høve til å bli høyrd. Det vert kalla inn til minimum eitt møte i året, lagt til årsmøtetidspunktet for museumslaget.

Museumslaget finn at Brukarutvalet ikkje har god nok gjennomslagskraft i arbeidet med å ivareta dei konsoliderte musea sine interesser. Som resultat av dette, vedtok Hordaland museumslag på årsmøtet i 2013 å leggje ned Brukarutvalet på årsmøtet i 2014. Målet er at «Det nye organet må ha reell samhandling, påverknad og uttalerett i høve større prioriteringar ved Bevaringstenestene og dei store linene i vidare utvikling av felles tenester for musea i fylket».

Hordaland fylkeskommune ser behovet for ei formell organisering av brukarinteressene, og at dette kan skje gjennom etablering av eit nytt utval med representantar frå kvart av dei konsoliderte musea og Hordaland fylkeskommune. Ein føresetnad for ei slik etablering er at det fylkeskommunale tilskotet til drift av Bevaringstenestene vert spesifisert særskilt i budsjett og tildelingsbrev til Museumssenteret i Hordaland. Museumssenteret i Hordaland har driftsansvar for Bevaringstenestene, og såleis også eit ansvar for å følgje opp fellestenesta i høve dei konsoliderte musea. Drift av det nye organet inngår som ein ordinær del av Museumssenteret sine oppgåver knytt til Bevaringstenestene.